

Foreldremøte, 2. steg

4.9.24, 2. steg sitt læringsareal

13 elevar av 19 var representerte ved føresette.

Sølvi Bakke, kontaktlærer på steget ynskte velkommen og leia møtet.

- Synnøve Karin Sæle er timelærer på steget i full stilling. Ho var sjuk, Sølvi helsa til dei føresette frå ho.
- **Mitt val** aktivitet for å løysa på stemninga, alle gav eit kompliment til den dei sat ved sida av. Det heng saman med at me arbeider med språk og fine ord på skulen no.
- **Klassemiljø**, Sølvi fortalde om steget, verkar som det er god trivsel blant elevane, det var bekrefta frå fleire føresette. Dei fortalde om at borna deira ville på skulen og var vanskeleg å få med heim. Sølvi sa og at elevane er hjelpsame og greie med kvarandre. Det er god stemning på steget og alle verkar til å trivast godt. **Sosial kompetanse**, mitt val er eit program me nyttar i arbeidet med sosial kompetanse, me gjer ulike aktivitetar og har gode samtaler rundt det å vere saman med andre og del av ei gruppe. **Daglege rutinar**, dagsplanen på veggen, som er visuell vart vist og forklart, kvar time/aktivitet heng på veggen og vert teken vekk når den er ferdig. Dagsplanen på tavla er digital og har eit lysbilete for kvar time, der står mål for timen og kva aktivitet ein skal ha. **Klassereglar**, elevane har laga 4 reglar for steget, dei heng ved døra i klasserommet. **Skulereglar**, ordensreglementet er no endra til skulereglar, alle får det heim for signering digitalt.
- **Læringsplan**, læringsplanen er lik som på 1. steg, den vert sendt ut kvar fredag. Den inneheld informasjon om tema, aktivitet, mål og fag. Dei føresette sa den var grei og ynskjer ikkje endringar på den. Sølvi viste den på skjermen.
- **Skule-heim samarbeid**, på 1. steg diskuterte føresette og tilsette forventningar til skule og heim på foreldremøtet, dei ligg til grunn for det gode samarbeidet mellom skulen og dei føresette på steget i år og. Kva er det me gjer bra? Er det noko me vil gjere annleis?

Ingen føresette kom med innspel, Sølvi sa at dei tilsette synest det er veldig godt med den engasjerte foreldregruppa og at føresette er så lette å nå, i garderoben, på skuleplassen, på telefon og digitalt. Føresette stiller og opp med det skulen spør etter og tilbyr hjelp og anna.

- **Val av klassekontakt**, Laila Karin Eide, rykkjer opp som klassekontakt og Carina Vardøy, vart valgt som vara. Marianne Syljeset, takkar av som klassekontakt, tusen takk for godt arbeid!
- **Sosial aktivitet**, det er vedteke i FAU at kvart steg har ein sosial aktivitet kvart semester. I starten av november vert det pepperkakehus-pynte kveld på skulen. Det kjem invitasjon når det nærmar seg.
- **Eventuelt**, på skulen badar me i fine ord, dei heng over alt og me prøver å bruke dei kvar dag.
Det kom spørsmål om vaksinedato for 2. steg, det er 4.11.24.
Det kom og opp spørsmål om "helsefremmande skule",
Spildepollen skule er med på prosjektet, det kjem i gong utover hausten.

Takk for eit fint og kjekt møte!

referent: Sølvi Bakke